

# Strategi for arbeid i faglege nettverk i skule- og barnehageregion Indre Sogn

## 1. Innleiing

Ordninga med regionale fagnettverk starta i 1999 med samlingar for KRL, norsk og matematikk. Erfaringsutveksling om arbeidet med årsplanar, tema- og prosjektarbeid, nye eksamensformer og vurdering var tema for samlingane. Bruk av e-post og internett skulle også inngå. Skuleåret 2008-2009 er det 14 aktive nettverk. I det regionale prosjektet *Sats på skulen – snu Sogn* er vidareutvikling av desse nettverka eitt av tre satsingsområde m.a. med utgangspunkt i utfordringar knytt til Kunnskapsløftet og nye læreplanar. Alle kommunane har gjennom politiske vedtak slutta seg til satsinga.

Programstyret for prosjektet har gått inn for at det skal utarbeidast ein plan for vidareutvikling av desse nettverka. Brev vart sendt til alle kommunane i regionen og til dei vidaregåande skulane der det vart bedt om innspel til denne saka. Fristen var 1.4.08. Det kom fire tilbakemeldingar. På møte for dei fagleg ansvarlege for nettverka 9.4.08 vart saka drøfta med utgangspunkt i eit samandrag av tilbakemeldingane. Det er laga ei oppsummering av innspela der føremål, samlingane, deltaking og oppfølging, organisering/ drift, vidareutvikling og andre behovsområde er lista opp.

Utviklingsprogrammet for *Sats på skulen – snu Sogn* peikar på heile det 13-årige utdanningsløpet med overgangar og gjennomgåande læreplanar som viktige område å arbeide med, jf delprogrammet *Fagnettverk* (vedlegg). For å hauste erfaringar med eit utvida kommunalt og regionalt samarbeid kan det vere føremålstenleg å ta utgangspunkt i tre av dei gjennomgåande faga i ungdomsskulen og prøve ut ein modell skuleåret 2009-2010. Røynsler med dette vil deretter gi eit grunnlag for å vurdere korleis nettverksamarbeidet kan vidareutviklast og overførast til dei andre nettverka.

## 2. No-situasjon og utfordringar

### 2.1 Organisering og økonomi

Skuleåret 2008-2009 planlegg 7 av fagnettverka for ungdomstrinnet/vidaregåande skule og 4 av fagnettverka på barnetrinnet samlingar. I tillegg er det planlagt ei samling i nettverket for fådelte skular, ei for rådgjevarar og ei for rektorar. Til saman er då 14 nettverk aktive dette skuleåret. Dei fleste skal berre ha ei samling. Kvart nettverk har ein fagansvarleg person som organiserer samlingane. Innhaldet er ofte basert på innspel frå deltakarane. Det blir ikkje gitt ressurs til dei fagansvarlege for arbeidet. Til overordna koordinering og administrasjon blir det gitt ein samla ressurs på kr 10 000 for alle barne- skulenettverka og kr 15 000 for nettverka på ungdomstrinnet. Det blir også sett av ein årleg pott på gjennomsnittleg 10 000 kr per nettverk som blir brukt til å betatale forelesarar på samlingane. Ressursane kjem frå kommunane som overfører ein del av kompetanseutviklingsmidlane til fellestiltak. Denne ramma blir lett for knapp dersom det skal arrangerast meir enn ei samling kvart skuleår. Skulane betalar sjølve kostnadene med reise og vikar for deltakarane. Dei vidaregåande skulane har hatt det faglege og økonomiske ansvaret for nettverket i tysk og nettverket for rådgjevarar.

Statlege signal t.d. gjennom St.meld. nr.31 *Kvalitet i skolen* går i retning av at kompetanseutvikling for lærarar framleis skal prioriterast, men at vidareutdanning skal vektleggjast framfor etterutdanning. Dette kan dermed få konsekvensar for nettverksarbeidet som no fungerer som etterutdanning.

### 2.2 Samanheng mellom nettverka og utviklingsarbeidet på skulane

Det er ikkje registret noko systematisk, formelt samarbeid mellom skulane som ein del av eit oppfølgingsarbeid i etterkant av samlingane sjølv om dette var ein av intensjonane då nettverksarbeidet starta i 1999. I kva grad den enkelte skule har eit system for integrering av kunnskap/ informasjon frå samlingane i eige utviklingsarbeid, er også ukjent. Det er likevel døme på forsøk på å knyte det som skjer på nettverket til utviklingsarbeidet i skulane. I ein av kommunane vart alle lærarane i matematikk samla for å bli orienterte om og jobbe vidare med tema frå ei nettverksamling.

Det er likevel mykje som tyder på at nettverksamlingane mest fungerer som individuell etterutdanning og gir deltakarane høve til erfaringsutveksling. Generelt sett er det ei positiv haldning til desse nettverka mellom lærarane, og tilbakemeldingane er jamt over gode. Det ser likevel ut til at det på ulike måte blir lagt til rette for at ny kunnskap frå nettverksamlingane blir implementert i det faglege arbeidet på skulen og dermed omsett til praktisk handling i skulekvardagen. Dette kan mellom anna ha samanheng med kor mange på kvar skule som deltek på samlingane. Fordi nettverka i norsk, matematikk og engelsk hadde samlingar på ein av planleggingsdagane før skulestart 2008, var frammøtet stort. Dermed nådde ein svært mange av dei lærarane som underviser i faga. Også her er tilbakemeldingane jamt over gode.

## 2.3 Utfordringar

Høyringsrunden avdekkar likevel at det er ønskjeleg med nokre endringar. Dette gjeld særleg:


- opplegg og innhald: må opplevast som relevant for deltakarane
- forankring og oppfølging på eigen skule/i eigen kommune. Dette er eit leiaransvar
- tilrettelegging for deltaking på samlingane: Tidspunkt og vikarproblematikk. Leiaransvar
- nettverksamarbeid mellom samlingane: fagleg og administrativ tilrettelegging (særleg tidsressurs/økonomi og felles møteplassar). Ei oppgåve for teamleiar/fagleiar og skuleleiing
- trekkje vidaregåande skule meir med. Leiaransvar
- overgang barnehage – grunnskule. Denne overgangen må styrkjast
- organisering/drift av nettverka. Økonomi og ansvarsfordeling mellom kommunane. Skuleeigaransvar

## 3. Faglege nettverk

### 3.1 Kva er eit nettverk?

Faglitteraturen viser at det finst mange måtar å organisere nettverk på. Eit sentralt kjenneteikn er likevel at det handlar om eit sett av band, eller kontaktar, mellom fleire aktørar. Kva desse bandet består i, kor mange aktørar det er snakk om og korleis dei samhandlar, kan variere mykje. I tette eller lukka nettverk deler alle ein felles kunnskap, og nettverket er prega av homogenitet og at deltakarane har tillit til og er trygge på kvarandre. Dermed kan ein lett søkje hjelp og støtte i nettverket. Ulempa er at i slike nettverk kan ein oppleve at nye tankar ikkje alltid vinn fram. Sterke sosiale band kan dermed forsterke fagleg homogenitet. Fagmiljøa på den enkelte skulen kan til ein viss grad sjåast på som slike tette fagnettverk.


Illustrasjon



Figur 1: Døme på lukka nettverk

Opne eller entreprenørielle nettverk er kjenneteikna ved større grad av heterogenitet og mangfall. Deltakarane har ulik kunnskap, banda mellom dei er lausare, og den enkelte kan stadig få vite noko nytt ved å snakke med ulike personar i nettverket. Dette er ein meir krevjande form for nettverk då kunnskapsutvikling hos den enkelte føreset at ein tar kontakt også med personar ein ikkje kjenner så godt.

Illustrasjon



Figur2: Døme på opne/entreprenørielt nettverk


Dette kan vere ei stor utfordring for mange. Dei regionale samlingane med lærarar frå ulike skular har mange fellestrekk med denne type nettverk. Dei lærarane som kjem på samlingane, får høve til å treffe både kjente og ukjente kollegaer. Erfaringsutveksling og det å knyte kontaktar er ein viktig del av slike samlingar. For mange kan det også vere lettare å ta kontakt på eit seinare tidspunkt når ein først har sett kvarandre og snakka litt saman. Når mange av deltakarane framhever nettopp det å møte andre som positivt, kan samlingane fungere som eit godt grunnlag for å utvikle eit litt meir forpliktande og varig nettverksamarbeid som strekkjer seg utover samlingane. Ein ikkje likevel ikkje forvente at dette kjem av seg sjølv. Ein oppglødd lærarar med gode intensjonar misser fort både glød og engasjement i møtet med kvardagen dersom det ikkje blir lagt til rette for ei oppfølging på eigen skule.

### 3.2 Synergieffekt mellom nettverk på ulike nivå

Det sentrale element i nettverka i dag er fagleg påfyll og erfaringsutveksling. I høyringsrunden og gjennom innspela frå dei fagleg ansvarlege for nettverka blir dette tydeleg uttrykt. Men ny kunnskap og kunnskapsdeling fører ikkje automatisk til fagleg utvikling og læring korkje for den einskilde læraren eller for fagmiljøet. Utprøving av ny kunnskap og refleksjon i fagfellesskapen som utgangspunkt for ny utprøving føreset m.a. samhandling og ikkje minst *tid*. Dei tette nettverka, fagmiljøet på den enkelte skulen, kan vere ein god arena for læring og utvikling. Dei regionale nettverka opnar for ein større og meir heterogen læringsarena. Skal det som skjer på desse to nettverksnivåa gje ein synergieffekt og dermed auka læring, ser det ut til at det blir nødvendig med ei tettare kopling mellom dei. Dermed bør også arbeidet i dei regionale og lokale fagnettverka bør sjåast i samanheng i langt større grad enn tilfellet er i dag. Dette involverer mange aktørar til eit meir forpliktande samarbeid, både lærarar, skuleleiinga og skuleeigar.

Ei av utfordringane i dag er m.a. at det er vanskeleg å få lærar frå alle skulane til å kome på nettverkssamlingane. Dette heng saman med fleire tilhøve der det faglege innhaldet, vikarsituasjonen og kvar og når samlinga er spelar inn. Dersom det er eit mål at alle eller dei fleste faglærarane fysisk bør få møte kvarandre, blir det viktig å finne ei løysing på dette. Ein kan også stille spørsmål ved om alle alltid treng møtast på same stad til same tid. Det kan tenkjast fleire alternative måtar faglærarar frå ulike skular og kommunar kan møte kvarandre og kommunisere på.

Illustrasjon



Figur 3: Døme på eit entreprenørielt nettverk der synergieffektane blir utnytta

### 3.3 Frå deling til læring - nettverk som arena for kunnskapsutvikling

I lærande organisasjonar er det eit samspel mellom individuell og kollektiv læring. Utvikling av fagmiljøet på den enkelte skulen føreset dermed at det skjer ei kunnskapsdeling og kunnskapsutvikling som alle faglærarane tek del i. All erfaring tyder også på at eit slikt utviklingsarbeid må integrerast i det overordna pedagogiske utviklingsarbeidet skulen driv. Dermed må det også forankrast i leiinga som legg rammevilkåra. Nettverksamarbeid som ein modell for utvikling er krevjande. Det store nasjonale programmet *Lærende nettverk* som er ein del av IKT-satsinga *Program for digital kompetanse 2004-2008* har etablering av nettverk som verkemiddel for kompetanseutvikling og kunnskapsdeling. Dialog, erfaringsutveksling og refleksjon skal gje grunnlag for endring av praksis. I evalueringsrapporten frå 2006 blir det peika på tid til å drive nettverksarbeid, god forankring i eigen organisasjon, klår ansvarsfordeling på skulen og å få til refleksjon rundt erfaringsdelinga som kritiske suksessfaktorar. Rapporten syner også at det er eit ønske å få skuleeigar med i eit tettare samarbeid. Bruk av delnettverk, altså at det store nettverket blir delt opp i fleire mindre, lokale nett, ser også ut til å fungere godt. Dette samsvarar med dei innspela som kom i høyringsrunden om dei regionale nettverka i Indre Sogn.

## 4. Mål for vidareutvikling av faglege nettverk

Utviklingsprogrammet for *Sats på skulen – snu Sogn* har oppretthalding og vidareutvikling av eksisterande fagnettverk i regionen som overordna mål. Intensjonen er at måla skal nåast gjennom tilstrekkelege økonomiske rammer og eit samarbeidsopplegg som sikrar fokus på viktige behovsområde.

### 4.1 Hovudmål

Delprogrammet framhevar at dei faglege, regionale nettverka skal vere ein arena for kunnskapsdeling, kunnskapsutvikling og læring. Dette skal gje fagleg og pedagogisk meirverdi for den enkelte lærar og dermed gje eit godt grunnlag for endring av eigen praksis. Samstundes skal nettverksarbeidet vere eit bidrag til å styrkje det fagleg-pedagogiske arbeidet både på og mellom skulane i regionen. Auka læringsutbytte for den enkelte elev er det sentrale målet med alt utviklingsarbeid.

Vidareutvikling av dei faglege nettverka har dette som hovudmål:

*Auke kvaliteten på opplæringa ved at faglege og didaktiske utfordringar får hovudfokus i kommunale og regionale nettverk. Gjennom kunnskapsdeling, erfaringsutveksling og refleksjon skal deltakarane få forståing for kva som fungerer bra og kvifor, og kva som kan endrast og korleis. Nettverksarbeidet skal vere eit bidrag både til det generelle utviklingsarbeidet på skulen og til vidareutvikling og eventuelt endring av praksis i klasserommet.*

### 4.2 Delmål

- Arbeidet med vidareutvikling av nettverka i dei gjennomgåande faga: norsk, matematikk og engelsk på ungdomstrinnet blir prioritert i perioden 2009-2010 for å hauste erfaring med eit tettare samarbeid.
- Dei andre nettverka held førebels fram etter same modell som no, men interesserte kommunar prøver ut modellen i andre fag/på barnetrinnet/samarbeid grunnskule – barnehage.
- På *kommunenivå* må det leggjast til rette for at skulane har noko felles planleggingstid slik at det er høve til fagleg samarbeid mellom skulane i kommunen som ein del av det regionale samarbeidet.
- På *skulenivå* må det leggjast til rette for forpliktande deltaking i nettverksamanheng både på kommune- og regionalt nivå. Det er eit mål at arbeidet i og med nettverka blir integrert og synleggjort i det fagleg-pedagogiske utviklingsarbeidet på skulane.
- Deltaking frå dei vidaregåande skulane er nødvendig for å sikre gode overgangar og samanheng i opplæringsløpet. Det blir difor viktig å utvikle eit forpliktande, fagleg samarbeid mellom ungdomsskulane og dei vidaregåande skulane i regionen. Det eksisterande *rektor-nettverket* blir ein sentral samarbeidsarena i denne samanhengen.
- Det må arbeidast for at nettverka blir forankra også i *HSF* sitt utviklingsarbeid ved at høgskulen legg til rette for at kvart fagnettverk har ein kontaktperson på høgskulen som følgjer arbeidet i nettverket og fungerer som rettleiar og samtalepartner for den fagansvarlege for nettverket.

## 5. Modell for organisering av nettverk

**Hovudmål:** *Prøve ut ein modell på ungdomstrinnet for eit tettare fagleg samarbeid på skule-, kommune- og regionnivå som kan vere eit bidrag til å auke kvaliteten på opplæringa. Utprøvinga dannar grunnlag for å vurdere ei utviding av modellen til også å gjelde nettverksamarbeid på barnetrinnet og samarbeid barnehage – grunnskule.*

### 5.1 Tre nivå

- *Lokale faggrupper* på kvar skule vel ein representant for kvart av faga norsk, engelsk og matematikk på ungdomstrinnet.
- *Kommunale faggrupper* (ev to/fleire mindre kommunar samarbeider) i kvart av faga norsk, matematikk og engelsk på ungdomstrinnet blir etablert. Minimum 2 møte kvart år (haust og vår).

## Vedteken i rådmannsgruppa 13.3.09 som grunnlag for vidare arbeid

Gruppa vel *kommunal faggruppeleiar* for eitt år som kallar inn til møta, har ansvar for tema og syter for referat.

Aktuelle tema på fagmøta er m.a.:

- Pedagogiske og metodiske utfordringar, tilpassa opplæring, vurdering, entreprenørskap, overgangane i opplæringsløpet, lokale planar i faget, lærebøker m.m.
- Å vurdere/initiere hospitering eller andre former for faglege møteplassar mellom lærarar i same kommune eller i ein nabokommune.
- Kome med innspel til den regionale faggruppa med tema for det regionale nettverksmøtet komande skuleår. Frist: 1.februar.

Kvar deltakar har ansvaret for at det som blir tatt opp på fagmøta, blir tema for refleksjon, evt utprøving på eigen skule og vurdert i høve til kvalitet.

- Etablering av *regionale faggrupper i dei tre faga på ungdomstrinnet*.

Aktuelle tema på samlingane:

- Erfaringsutveksling/oppsummering av arbeidet i kommunegruppene inkludert erfaringar frå/ønsket om hospitering eller andre former for samarbeid på tvers av skular og kommunar
- Faglege utfordringar i samband med overgangen til vgo
- Tema for det regionale fagnettverksmøtet komande skuleår
- Aktuelle fagtema/nye rapportar/ny forskning m.m.

Deltakarar:

Dei fagansvarlege for kvar kommunal/interkommunal gruppe i regionen, ein fagansvarleg frå kvar av dei vidaregåande skulane i regionen og ein fagkontakt frå HSF (regionalt nivå 1, jf skissa s.8)

Gruppa vel den *regionale faggruppeleiar* for eitt år. Denne funksjonen bør gå på omgang mellom kommunane.

Oppgåver til faggruppeleiar:

- Kallar inn til møta i faggruppa, ansvar for tema, i samarbeid med fagkontakten på HSF, og for at det blir skrivi referat.
- Organiserer den årlege regionale nettverksamlinga for alle faglærarane i "sitt" fag : praktisk tilrettelegging i samband med samlingane, skaffe innleiarar, lage program, attestere rekningar m.m.

- To *regionale koordinatorar* har det overordna ansvar i høve til alle dei regionale nettverksamlingane for faglærarane etter same modell som no:
  - sender informasjon om samlingane frå regional faggruppeleiar til skulane, tar mot påmelding, overordna ansvar for økonomi m.m.
  - Kallar inn til eit årleg møte for alle dei regionale fagansvarlege, fagkontaktane på HSF og skule- og barnehageregionen der oppsummering av røynsler med nettverksarbeidet, kva nettverk som skal ha samlingar komande år og andre tema blir teke opp (regionalt nivå 2, jf skissa s. 8).

## 5.2 Ansvar- og rollefordeling

### Skuleregionen

- Har som no ansvar for at det blir oppnemnt ein *koordinator* for alle fagnettverka på ungdomssteget og ein for barnesteget. Skulen til koordinatorane får tilført ein ressurs for det administrative arbeidet etter same modell som no (midlar overført frå regionrådet)
- Fastset årleg - i samarbeid med dei vidaregåande skulane - ein dato for fagnettverksamling i norsk, engelsk og matematikk på ungdomstrinnet. Dette må koordinerast med nettverksamlingar på barnetrinnet
- Forum for skule- og barnehageregionen i Indre Sogn følgjer utprøvinga og koordinerer samarbeidet

### Skuleeigar

Legg økonomisk og organisatorisk til rette for lokalt utviklingsarbeid og deltaking i lokale og regionale nettverk. Noko felles planleggingstid på alle skulane i kommunen/dei kommunane som samarbeider er eitt viktig organisatorisk tiltak i denne samanhengen

### Skulenivået

*Skuleleiar* har eit overordna ansvar for:

- å fungere som rettleiar og ressursperson i utviklingsarbeidet
- å leggje tilrette organisatorisk og økonomisk for deltaking i nettverk slik at erfaringane herfrå blir gjenstand for refleksjon og implementert i skulen sitt utviklingsarbeid
- å sende faglærarar til dei regionale nettverksamlingane
- å oppnemne ein fagansvarleg i kvart av faga norsk, matematikk og engelsk på ungdomstrinnet
- at det ekstra arbeidet som ligg i å delta i kommunale- og regionale nettverksgrupper, blir innarbeidd i arbeidsplanane til dei fagansvarlege
- å syte for praktiske ordningar slik at den som blir utpeika til å ha eit overordna ansvar for regionale nettverksamlingar for alle faglærarar, kan organisere og administrere dette arbeidet

*Fagansvarleg i norsk, matematikk og engelsk* på ungdomstrinnet deltek i den kommunale/ interkommunale faggruppa og er bindeleddet mellom skulen og det kommunale fagnivået. Dette inkluderer m.a. at informasjon, erfaringar og ny kunnskap blir søkt implementert i det faglege arbeidet på eigen skule gjennom tilrettelegging for refleksjon, erfaringsutveksling, utprøving og evaluering.

*Lærarane* deltek i det faglege nettverkssamarbeidet og den faglege refleksjonen og kunnskapsutviklinga med sine og erfaringar og kunnskapar. Utprøving og vurdering av kvaliteten på det som blir gjort, med tanke på justering/ending av praksis blir ein del av dette.

## 5.3 Samarbeidspartar

### 5.3.1 Dei vidaregåande skulane i regionen

Samarbeidet med dei vidaregåande skulane i regionen er viktig. I *Prinsipper for opplæringa* blir godt og systematisk samarbeid mellom ungdomstrinn og vgo framheva som grunnleggjande for å lette overgangen mellom trinna i opplæringsløpet. Gjennomgåande læreplanar i fleire fag er med på understreke det same. I *Rom for alle – syn for den enkelte* (Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2008-2011) blir det å ”forplikte alle aktørane til ei samordna og målretta planlegging av heile grunnopplæringa” framheva som ein av gjennomføringsstrategiane for heilskap og samanheng i grunnopplæringa (jf punkt 3.2.3). Dei regionale nettverka i gjennomgåande fag vil då kunne vere ein slik viktig arena saman med nettverka for rektorane og for rådgjevarane.

### Rolla til dei vidaregåande skulane

- Det er ønskjeleg at skulane tek ansvaret for at ein representant frå fagmiljøet på den enkelte skulen deltek på kvar av dei regionale nettverkgruppene i gjennomgåande fag.
- Dei vidaregåande skulane legg til rette for at lærarar deltek på dei årlege nettverksamlingane for alle lærarane i dei gjennomgåande faga.
- Dei vidaregåande skulane har det faglege og økonomiske ansvaret for fagnettverket i tysk slik som no, og har det faglege og administrative ansvaret for eitt av dei andre (norsk, engelsk eller matematikk).

### 5.3.2 Høgskulen i Sogn og Fjordane

Det er allereie etablert eit godt samarbeid mellom Høgskulen i Sogn og Fjordane (HSF) og kommune- og regionalt nivå. Høgskulen vil også i det vidare arbeidet vere viktige støttespelarar – både i fagleg samanheng og i samband med vidareutvikling av nettverka som læringsarena. Ved å engasjere seg i nettverksarbeidet kan høgskulen få eit tettare samarbeid med praksisfeltet. Som eksterne deltakarar i netverka har HSF fagleg tyngd og kan på den måten bidra til å auke refleksjonsnivået, noko som kan

## Vedteken i rådmannsgruppa 13.3.09 som grunnlag for vidare arbeid

verke utviklande for nettverka. Føresetnaden for eit slikt samarbeid er at HSF legg til rette for at faglærarar kan delta i dette arbeidet utan kostnader for regionen/kommunane.

### Høgskulen si rolle:

Det er ønskjeleg at HSF i første omgang legg til rette for at faglærarar i norsk, matematikk og engelsk direkte blir knytte til arbeidet i dei regionale faggruppene. Det er også ønskjeleg at desse får ein tidsressurs slik at dei kan delta i kommunegruppene etter behov.. Dette kjem i tillegg til det etablerte samarbeidet om forelesingar og deltaking frå HSF på nettverksamlingar.

## 6. Økonomi og ressursbruk

Skulane legg til rette for at :

- lærarar kan delta på dei regionale nettverka for faglærarar (regionalt nivå 3, jf modell s. 8)
- ein fagansvarleg for kvart av dei tre gjennomgåande faga kan delta i dei kommunale/ interkommunale nettverka
- kommunalt fagansvarlege i kvart av dei tre faga kan delta på dei regionale samlingane (regionalt nivå 1 og 2, jf modell s. 8)
- deltaking i nettverksamarbeid blir innarbeidd i utviklingsplanen til skulen

Kommunenivået legg til rette for:

- felles møtetid for skulane i kommunen/samarbeidande kommunar slik at fagansvarlege frå skulane kan møtast
- at forpliktande deltaking frå skulane i kommunale/interkommunale og regionale nettverk blir synleggjort i kommunale skuleplanar

Regionnivået avgjer

- korleis finansieringa av dei regionale samlingane og administrasjonen av nettverka for barnetrinnet og for ungdomstrinnet skal fordelast mellom kommunane

## 7. Tidsplan

Skuleåret 2009-2010 :

- Utprøving av modellen i faga norsk, matematikk og engelsk på ungdomstrinnet. Dei andre faglege nettverka og nettverka for rektorar og for rådgjevarar held i utgangspunktet fram etter same modell som no.
- Fagansvarleg på skulenivå blir utpeika innan 1.9.09. Ansvarleg: skuleleiarane
- Fagansvarleg i kvar kommune/samarbeidande kommunar blir utpeika innan 1.10.09. Ansvarleg: skuleeigar
- Samling for alle fagansvarlege og skuleleiarane medio oktober 2009. Tema: nettverkbygging. Ansvarleg: prosjektleiar i samarbeid med HSF
- Interesserte kommunar prøver ut modellen/delar av den på andre fag/trinn

Våren 2010:

Evaluering av utprøvinga med tanke på vidareutvikling av modellen og utviding til også å gjelde andre fag og trinn.

## Organisering og utvikling av faglege, entreprenørielle nettverk. Skjematisk framstilling

(Kommunenivået kan vere ein eller fleire små kommunar som samarbeider)

